



Fylkesmannen i  
Hordaland

## Opplæring innanfor kriminalomsorga 2010



Fylkesmannen i Hordaland

Kopiering er ikkje tillate utan etter avtale med den som har opphavsretten

**ISSN: 1501-7056**

Formgjeving omslag: Herrene Grimstad & Skogen AS, herrene.com

Trykk og layout: Netprint

FYLKESMANNEN I HORDALAND

RAPPORT  
OPPLÆRING INNANFOR  
KRIMINALOMSORGA

2010



## Føreord

Fylkesmannen i Hordaland utarbeider kvart år ein samla nasjonal rapport om opplæringa innanfor kriminalomsorga. Rapporten for 2010 inneheld oppsummering av tilbakemeldingane frå skolane om dei ulike sidene ved opplæringa som opplæringstilbod, elevtal, forvaltningssamarbeid og oppfølging av Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005). Han inneheld og eit oversyn over delar av aktiviteten på dette området hos Fylkesmannen i Hordaland. Rapporteringa er ein lekk i ei systematisk resultatoppfølging av dette området innanfor utdanningssektoren

Rapporten byggjer mellom anna på eit webbasert rapporteringsskjema som er utfylt av skolane. Den store skilnaden frå tidlegare år ligg i utforminga og bruken av det elektroniske verktøyet. Diverre må nokre av variasjonane skuldast uklare spørsmål og andre avvik på grunn av systematiske feil i den elektroniske databasen. Dette kjem fram undervegs i rapporten.

Det er etablert opplæring ved 51 anstaltar. Det er opplæring ved alle fengsel som skal ha skole. Det er ein kraftig auke i tal innsette som tar del i opplæring. I 2010 var det gjennomsnittlege elevtalet 2532, 843 på heiltid og 1689 på deltid. I 2009 var dei tilsvarande tala 1751, 784 på heiltid og 967 på deltid. Ein grunn til auken i tal elevar var opninga av Halden fengsel med omfattande skoleverksemd.

Dei siste åra har det vore fokusert på å få meir yrkesopplæring. Vi ser at det innanfor vidaregåande skole også i 2010 er ei dreining frå teori mot meir yrkesretta opplæring. Om lag to av tre elevar (deltid) tek del i yrkesretta opplæring. Det er positivt at fleire skolar legg til rette for korte, arbeidskvalifiserande kurs som gir kompetanse i arbeidslivet.


Auken i talet på inngåtte lærekontraktar, finn vi i dei små og opne fengsla. Skolane ved dei store fengsla med verkstader som er godkjende som lærebedrifter, har fått inngåtte lærekontraktar og fått gjennomførte fagbrev. Samarbeidet mellom skolane og arbeidsdrifta i fengsla må bli betre, slik at det blir lagt til rette for at fleire mellom anna kan ta fagprøve. Det blei gjennomført fleire realkompetansevurderingar i 2010 samanlikna med året før. Men framleis er det mange skolar som ikkje gjennomfører realkompetansevurderingar.

Rapporten viser og at mange skolar ikkje har gode nok undervisningslokale. Når kriminalomsorga ikkje stiller eigna lokale til disposisjon, går dette utover ressursutnyttinga i opplæringa.

Dei innsette har rett til opplæring innan IKT på lik line med andre elevar. Digital kompetanse er ein av dei grunnleggjande dugleikane som er heimla i Opplæringslova. Den nasjonale løysinga IFI - internett for innsette – skal sikre denne retten, og det er vedteke ein utrullingsplan som skal sikre at alle skolane/fengsla får ta i bruk denne løysinga i 2009 og 2010. Det er framleis 12 skolar som ikkje har fått IFI løysinga.

Fylkesmannen i Hordaland vonar denne rapporten vil verka som eit viktig innspel i drøftingane omkring opplæring innanfor kriminalomsorga. Arbeidet med rapporten er gjort av seniorrådgjevarane Paal Chr. Breivik og Torfinn Langelid, Fylkesmannen i Hordaland.

Bergen, august 2011

  
Kjellbjørg Lunde  
Utdanningsdirektør

## Innhald

1.1	Innleiing .....	9
1.2	Om rapporteringa .....	9
1.2.1	Metodiske utfordringar i rapporteringa .....	9
1.3	Resultatmål for 2010 .....	10
2	Om fengsla og fangebefolkninga .....	12
2.1	Endringar innan kriminalomsorga .....	12
2.2	Tal innsette gjennom året .....	13
3	Om skolen .....	13
3.1	Dom og varetekt .....	13
4	Om elevane/deltakarane .....	14
5	Om elevane/deltakarane i skolen i fengslet .....	16
5.1	Grunnskole .....	17
5.1.1	Eksamenar .....	17
5.2	Vidaregåande opplæring .....	18
5.2.1	Eksamenar og kompetansebevis .....	18
5.2.2	Lærekontraktar, lærekandidatar, fagbrev/sveinebrev og praksiskandidatar .....	19
5.2.3	Realkompetansevurderingar .....	20
5.3	Arbeidskvalifiserande kurs .....	20
5.4	Andre kurs .....	20
5.5	Høgskole/ universitet .....	21
6	Om elevane/deltakarane i oppfølgingsklassene .....	21
6.1	Grunnskole .....	21
6.1.1	Eksamenar .....	21
6.2	Vidaregåande opplæring .....	22
6.2.1	Eksamenar .....	22
6.2.2	Lærekontraktar, lærekandidatar, fagbrev/sveinebrev og praksiskandidatar .....	22
6.2.3	Realkompetansevurderingar .....	22
6.3	Arbeidskvalifiserande kurs .....	23
6.4	Andre kurs .....	23
6.5	Høgskole/universitet .....	23
6.6	Tal elevar/deltakarar pr. dato i oppfølgingsklasse fordelt på straffetype: .....	23
6.7	Tal elevar/deltakarar i oppfølgingsklasse/ene og rekruttering .....	24
7	Utanlandske elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklasser .....	24
8	Andre forhold ved opplæringa .....	25
8.1	Forvaltningssamarbeid .....	25
8.1.1	Skolen sitt samarbeid med arbeidsdrifta .....	25
8.1.2	Skolane sitt samarbeid med NAV-Arbeid .....	27
8.1.3	Skolane si deltaking i utviklingsprosjekt .....	28
8.1.4	Skolane sin bruk av IKT .....	28
8.1.5	Elevdemokrati .....	29
8.1.6	Skolane si vurdering av eiga verksemd .....	30
8.1.7	Informasjon frå skolane til dei innsette i inntaksfasen i fengsel .....	31
8.1.8	Kompetanseheving for tilsette .....	32
9	Rapport om arbeidet ved Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga .....	40
9.1	Tilsyn og kontroll .....	41
9.2	Fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid .....	41
9.3	Forvaltningssamarbeid .....	44
9.4	Internasjonalt arbeid .....	45
9.4.1	Nordisk samarbeid .....	45
9.4.2	Europeisk samarbeid .....	46
9.4.3	Oppsummering .....	47

## Oversyn over tabellar, figurar og vedlegg

### Tabellar:

Tabell 1	Registrerte elevar/deltakarar i fengsel frå 2003 til 2010 fordelt etter type opplæring .....	15
Tabell 2	Registrerte elevar/deltakarar i oppfølgingsklassar frå 2003 til 2010 fordelt etter type opplæring .	16
Tabell 3	Elevar og deltakarar heiltid og deltid fordelt på utdanningsprogram i vidaregåande skole .....	18
Tabell 4	Elevar/deltakarar i oppfølgingsklassene fordelt på “status” frå kriminalomsorga .....	23
Tabell 5	Kva vert det samarbeidd om? .....	26
Tabell 6	Kva vert det samarbeidd med NAV om? .....	27
Tabell 7	Tal skolar som har IKT integrert i undervisninga .....	28
Tabell 8	Gjennomfører skolen evaluering av eiga verksemd?.....	30
Tabell 9	Skolane si vurdering av lokala som vert nytta til opplæring .....	38

### Figurar:

Figur 1	Tal elevar/deltakarar 1996 – 2010 (tal).....	14
Figur 2	Tal elevar/deltakarar på heiltid og deltid fordelt på fengsel og oppfølgingsklassar (tal). ...	15
Figur 3	Tal elevar/deltakarar i skolen i fengselet delt på typar opplæring (tal) Kjelde: vedlegg 3. ....	16
Figur 4	Tal elevar i fengsel fordelt på utdanningsnivå og kurs (tal). ....	17
Figur 5	Elevar i fengsel som har teke eksamen eller kompetansebevis i 2009 og 2010 (tal) .....	19
Figur 6	Tal på fagbrev/sveinebrev, prakiskandidatar, lærekontraktar og lærekandidatar i fengsel (tal)....	19
Figur 7	Elevar i oppfølgingsklasse som har teke eksamen eller kompetansebevis i 2009 og 2010 (tal) ...	22
Figur 8	Tal elevar i oppfølgingsklassene rekrutterte frå ulike instansar (tal).....	24
Figur 9	Tal skolar som har samarbeid med arbeidsdrifta, programverksemda og NAV .....	25
Figur 10	Kven møter når det er formalisert samarbeid med arbeidsdrifta? .....	26
Figur 11	Kven møter når samarbeidet med NAV er formalisert?.....	27
Figur 12	Driver/deltar skolen med utvekslingsprosjekt (tal)?.....	28
Figur 13	I kva grad fungerer IFI til å oppfylle skolens krav til digital kompetanse (prosent)? .....	29
Figur 14	Elevdemokrati - elevråd og tillitsvalde (tal). ....	30
Figur 15	Korleis gjennomfører skolen evaluering av eiga verksemd (prosent)? .....	31
Figur 16	Oversyn over kven som informerer om skolen ved inntak i fengselet (tal).....	31
Figur 17	Oversyn over korleis informasjonen blir gitt (tal). ....	32
Figur 18	Tal på tilsette som har fått tilbud om kompetanseheevande tiltak siste år (tal).....	33
Figur 19	Når det er gitt tilbud om kompetanseheevande tiltak, er dei i tråd med behova (tal)?.....	33
Figur 20	Tilbyr skolen spesialundervisning (tal)?.....	34
Figur 21	Har skolen tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse(tal) ? .....	34
Figur 22	Er skolen i regelmessig kontakt med PPT (tal)?.....	34
Figur 23	Om skolen nyttar spesialpedagogisk kompetanse ved hovudskolen (tal). ....	35
Figur 24	Om skolen nyttar annan spesialpedagogisk kompetanse (tal). ....	35
Figur 25	Tilbyr skolen opplæring gjennom heile året (prosent)?.....	36
Figur 26	Kva opplæringstilbud blir gitt i sommerferien?.....	37

## **Vedlegg:**

- Vedlegg 1: Rapporteringsskjema
- Vedlegg 2: Liste over rapportører
- Vedlegg 3: Elevar i fengsel/skole fordelt på opplæringstilbud, heiltid og deltid (gjennomsnittstal gjennom året)
- Vedlegg 4: Tal utanlandske innsette og elevar per dag (gjennomsnittstal gjennom året)
- Vedlegg 5: Aldersfordeling av innsette og elevar i fengsel og skole
- Vedlegg 6: Registrerte elevar på årsbasis, gjennomsnittleg elevtal og mål på gjennomtrekk
- Vedlegg 7: Fordeling av elevar og innsette etter dom/forvaring/varetekt
- Vedlegg 8: Tal registrerte elevar gjennom heile året i skolen fordelt på type opplæring
- Vedlegg 9: Tal innsette og elevar etter kjønn
- Vedlegg 10: Tal innsette ved dei ulike fengsla som har frigang til skole og arbeid
- Vedlegg 11: Tildelte lærarårstimar fordelt på ulike typar opplæring
- Vedlegg 12: Elevar i ulike utdanningsprogram i vgs fordelt på heiltid og deltid
- Vedlegg 13: Elevar som tar ulike “andre kurs” fordelt på heiltid og deltid
- Vedlegg 14: Elevar som tar ulike “arbeidskvalifiserande kurs” fordelt på heiltid og deltid
- Vedlegg 15: Elevar som har lærekontrakt, fagprøve/sveinebrev, praksiskandidat og lærekandidatpraksis
- Vedlegg 16: Elevar som har tatt eksamen og kompetansebevis innan ulike typar opplæring
- Vedlegg 17: Elevar som har gjennomført nettstøtta kurs, arbeidskvalifiserande kurs, “andre” kurs og realkompetansevurderingar
- Vedlegg 18: Lærarar fordelt på heil- og deltidsstilling og samla årsverk.
- Vedlegg 19: Stillingsressursar nytta til administrasjon, kontorpersonale og rådgjeving
- Vedlegg 20: Elevar i oppfølgingsklassar fordelt på opplæringstilbud, heiltid og deltid (gjennomsnittstal gjennom året)
- Vedlegg 21: Aldersfordeling av elevar i oppfølgingsklassane
- Vedlegg 22: Registrerte elevar/deltakarar på årsbasis i oppfølgingsklassar, gjennomsnittleg elevtal og mål på gjennomtrekk
- Vedlegg 23: Registrerte elevar i oppfølgingsklassar fordelt på type opplæring
- Vedlegg 24: Innsette - frigang til skole og arbeid i tidsrommet 2001 – 2009
- Vedlegg 24: Tal elevar i oppfølgingsklassane etter kjønn
- Vedlegg 25 : Elevar i oppfølgingsklassar som har frigang frå fengsel til opplæring
- Vedlegg 26: Elevane i oppfølgingsklassar fordelt på status i forhold til straffegjennomføring
- Vedlegg 27: Tildelte lærarårstimar i oppfølgingsklassar fordelt på ulike typar opplæring
- Vedlegg 28: Elevar i oppfølgingsklassar fordelet på type rekruttering frå ulike samarbeidspartar
- Vedlegg 29: Elevar i oppfølgingsklassar i ulike utdanningsprogram i vgs fordelt på heiltid og deltid
- Vedlegg 30: Elevar i oppfølgingsklassar som har lærekontrakt, fagprøve/sveinebrev, praksiskandidat og lærekandidatpraksis og opplæring i bedrift og skole.
- Vedlegg 31: Elevar i oppfølgingsklassar som har tatt eksamen og kompetansebevis innan ulike typar opplæring
- Vedlegg 32: Elevar i oppfølgingsklassar som har gjennomført nettstøtta kurs, arbeidskvalifiserande kurs, “andre” kurs og realkompetansevurderingar
- Vedlegg 33: Elevar i oppfølgingsklassar som tar ulike “andre kurs” fordelt på heiltid og deltid
- Vedlegg 34: Elevar i oppfølgingsklassar som tar ulike “arbeidskvalifiserande kurs” fordelt på heiltid og deltid



## 1.1 Innleiing

Skolane innan opplæring i kriminalomsorga skal rapportere ved utgangen av kvart år til Fylkesmannen i Hordaland. Denne rapporteringa vert oppsummert kvart år i ein samlande nasjonal rapport om opplæringa i kriminalomsorga. Gjennom desse årlege rapportane vil ein sjå utvikling og forandring over tid. Dermed vil ein ha ei sikrere plattform for å setje i gang tiltak som kan fornye og på ein betre måte tilpasse opplæringa til dei behova elevane har.

Som vedlegg følgjer eit samla oversyn over tabellar for dei som ønskjer å gå grundigare inn i materialet.

## 1.2 Om rapporteringa

For rapporteringa i 2010 blei eit førebels rapporteringsskjema sendt ut i januar 2010 med varsel om at det ville bli lagt ut eit elektronisk rapporteringssystem seinare. Eit elektronisk rapporteringssystem var tilgjengeleg frå slutten av mai 2010 (vedlegg 1). Rapporten frå aktivitetane i skolane har fire hovudområde:

- Om skolen
- Om elevane
- Skoleoppsummering for året
- Andre sider ved opplæringsverksemda

Informasjon om fangebefolkninga har vi fått frå KSF (Kriminalomsorgens sentrale forvaltning).

Rapporteringa har på nokre spørsmål om elevane to teljedatoar og på eitt spørsmål fire teljedatoar. Frå og med 2009 sløyfa vi tal elevplassar, og gjekk over til å registrere elevtal på heiltid og deltid fire gonger i året. På denne måten får vi fram eit gjennomsnittleg elevtal som på ein betre måte viser den samla aktiviteten ved skolane. Når elevtalet blir tald fire gonger, er vi sikra eit betre bilete av kapasitetsutnyttinga. Ulike fengselsfaglege disposisjonar og andre tilhøve, kan på ein teljedato føre til svært lågt registrert elevtal og dermed gi inntrykk av dårleg kapasitetsutnytting. Eit gjennomsnittstal sikrar at ikkje berre ein dato blir utslagsgjevande, men at data blir korrekte og samanliknbare.

Den administrative ansvarlege for opplæringa innanfor kriminalomsorga frå kvar vidaregåande skole har rapportert på eige skjema (vedlegg 2).

Frå og med 2001 har rapporteringa blitt utvida med spørsmål om samarbeidet med fengslet, standard på undervisningslokala, bruk av IKT og andre forhold ved skoleverksemda som det er ønskjeleg å ta opp. Frå og med 2005 er det også lagt inn spørsmål om oppfølging av St.meld.nr.27 (2004-2005). I 2010 var det 37 skolar som rapporterte på aktiviteten i til saman 61 fengselsavdelingar og 10 oppfølgingsklassar.

### 1.2.1 Metodiske utfordringar i rapporteringa

Frå 2009 til 2010 har det skjedd ein overgang til rapportering via webbaserte skjema. Mange av spørsmåla er like, men på nokre spørsmål er spørsmålsstillinga endra. Den store skilnaden frå tidlegare år ligg i utforminga av det elektroniske skjemaet. Det kan

vera avvik i dei rapporterte tala samanlikna med tidlegare år. Nokre avvik kan vera uklare spørsmål og andre avvik kan vera rapportørane si feiltasting i dei elektroniske skjema. Skolane ved Larvik og Sandefjord fengsel har i ein del samanhengar ikkje blitt registrert på grunn av manuell registrering etter tidsfristen.

### 1.3 Resultatmål for 2010

I stortingsproposisjon nr. 1 S for 2009-2010 formulerte Kunnskapsdepartementet målsetjinga for og omtale av Opplæring innanfor kriminalomsorga Kap 225 post 68 slik: “Om ordninga

*Målet med tilskottordninga er å bidra med finansiering til fylkeskommunane slik at det blir gitt opplæring på grunnskolenivå til innsette eller lauslatne som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til innsette eller lauslatne som har rett til og ønskjer det. Fordi mange har kort soningstid, eller sit i varetekt, er ofte formalkompetansegivande kurs i høve til læreplanar ikkje eit reelt tilbod. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for å gi alle fangegrupper eit opplæringstilbod, er det også ei målsetjing å tilby kurs som ikkje er formelt kompetansegivande.*

*Rapport for 2008-09*

*Frå 2007 til 2008 har talet på opplæringsplassar auka frå 1278 til 1386. I 2006 var talet på opplæringsplassar 1068. Auken har samheng med at det har blitt etablert opplæring i ti fengsel som tidlegare ikkje hadde skole. Det er no opplæring i alle fengsel som skal ha eit opplæringstilbod, og det er etablert oppfølgingsklassar ti stader i landet. Dette har også gitt stor auke i talet på lærarar. I 2008 var det tilsett 405 lærarar som utgjorde 257 årsverk. Om lag 7500 personar (7000 i fengsel og 500 i oppfølgingsklassar) tok del i ei eller anna form for opplæring i løpet av 2008. Hovudtyngda av elevane (64,7 pst.) var i alderen 23-40 år. Fleire enn før tok ei eller anna form for eksamen (1100 i 2008 mot 644 i 2007). Det var ein auke i talet på elevar som tok delkompetanse frå 239 i 2007 til 678 i 2007). Det vart også teke fleire eksamenar enn tidlegare år innanfor vidaregåande opplæring, frå 682 i 2007 til 829 i 2008. Utdanningsdirektoratet la i 2006 fram ein plan for oppfølging av St.meld.nr. 27 (2004-2005) Om opplæringen innanfor kriminalomsorgen “Enda en vår”. Det er sett i gang fleire prosjekt for å utvikle og forbetre opplæringa. Mellom anna har Vox etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland ansvaret for eit nasjonalt prosjekt om realkompetansevurdering. Prosjektet varer ut 2010.*

*Vidare har Fylkesmannen i Hordaland sett i gang eit prosjekt om fjernundervisning / nettstøtta læring for å fleire og meir fleksible opplæringstilbod. Dette prosjektet blir ferdig i 2011. Både dette prosjektet og Realkompetanseprosjektet blir evaluerte. Digital kompetanse er ein av dei fem grunnleggjande dugleikane i læreplanane for Kunnskapsløftet. Det er viktig å få til ei fullgod opplæring også på dette området i kriminalomsorga. I samarbeid med Justisdepartementet er det lagt ein plan for bruk av IKT og tilgang til Internett i opplæringa i kriminalomsorga som sikrar både dei pedagogiske og dei tryggingmessige løysingane. Innan utgangen av 2010 skal alle skolane og fengsla vere tilknytte denne løysinga.*

*For å få ei betre oppfølging av straffedømde etter avslutta soning, har Fylkesmannen i Hordaland etablert prosjektet Tilbakeføring gjennom utdanning og arbeid i Rogaland og Troms. Prosjektet tilsvaret det svenske KrAmi –prosjektet. Dette er eit samarbeid mellom utdanningsstyresmaktene, kriminalomsorga, NAV, kommunane og frivillige organisasjonar. For å få eit godt erfaringsgrunnlag vil prosjektperioden bli utvida til å vare ut 2011. I mai 2009 vart det gjennomført ei ny kartlegging av utdanninga, kompetansen og*

utdanningsbehovet til innsette i alle fengsla. Rapporten frå denne kartlegginga vil bli lagt fram hausten 2009.

#### *Budsjettforslag for 2010*

Justisdepartementet har under etablering Halden fengsel som blir sett i drift frå 1. april 2010. I tillegg til utgifter på budsjettet til Justisdepartementet medfører dette eit meirbehov også på denne posten. Departementet foreslår å styrkje løyvinga på posten med om lag 26,4 mill. kroner i 2010.”

#### *Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa*

I samband med drøftinga av tilskottsordninga sa komiteen under KRIMINALOMSORG (POST 68)

“Komiteen viser til at innsatte/domfelte har de same rettighetene til opplæring som andre samfunnsborgere, jf. Opplæringsloven og straffegjennomføringsloven.

Komiteen er kjent med at det er igangsatt flere prosjekter for å utvikle og forbedre opplæringa, og vil spesielt trekke frem prosjektet Tilbakeføring gjennom utdanning og arbeid som gjennomføres i Rogaland og Troms, og som er utvidet til å gjelde ut 2011 for å skaffe et betre erfaringsgrunnlag. Komiteen mener et godt utdanningstilbud til domfelte som kan kvalifisere til arbeid hvor ny kompetanse tas i bruk, kan være avgjørende for vellykket rehabilitering og et liv utan kriminalitet etter soning.

Komiteens medlemmer frå Fremskrittspartiet viser til at elever med atferdsproblemer i skolen er overrepresentert når det gjelder å komme inn på en kriminell løpebane senere i livet. Disse medlemmer er av den oppfatning at en styrket opplæring for denne gruppen kan spare samfunnet for betydelige utgifter på sikt. Disse medlemmer ser sit forslag til ny post 76 i samanheng med post 68. Disse medlemmer ønsker en styrking av ressurstilgangen for denne type opplæring. På denne bakgrunn foreslo disse medlemmer å opprette et eget tilskudd til slike alternative opplæringstilbud i sitt alternative budsjett som utbetales via en stykkprisordning.

Disse medlemmer har økt ressurstilgangen til skoler som gir tilbod til denne gruppen elever over ny post 77 i sitt alternative budsjett. Tilskuddet skal slik disse medlemmer ser det utbetales via en stykkprisordning.”

Kunnskapsdepartementet har i embetsoppdraget for 2010 formulert følgjande når det gjeld 32.7 Opplæring innenfor kriminalomsorgen:

#### *”Oppdrag*

##### *Fylkesmannen skal*

- *videreføre oppfølging av St.meld.nr. 27 (2004-2005) Om opplæringa innenfor kriminalomsorgen “Enda en vår”.*
- *informere og se til at skoleeiere ivaretar sitt ansvar for innsatte i henhold til opplæringslova. Med skoleeier menes her den fylkeskommunen der fengselet ligger, uansett hvilket hjemfylke den innsatte kommer frå.*
- *stimulere til samarbeid og nettverk tverrfaglig og tverretatlig mellom skoleeiere, universitet/høgskoler og andre aktuelle organisasjoner og fagmiljøer*
- *videreføre arbeidet med tilbakeføring gjennom utdanning og arbeid (TUA-prosjektet) i henhold til prosjektplanen*
- *forvalte tilskuddsordning kap 225 post 68 Tilskudd til opplæring i kriminalomsorgen jf. Resultatområde 31.7 Tilskuddsforvaltning*
- *oppfølging av St.meld.nr.37 (2007-2008) Straff som virker, herunder tilrettelegging av opplæringstilbud for unge lovbrøytare.”*

## Finansiering

”Oppfølging av St.meld. nr. 27 (2004-2005) er finansiert over Kunnskapsdepartementets kap. 226 post 21. Administrasjon av tilskuddsordningen er finansiert delvis over kap. 1510 og over Kunnskapsdepartementets kap. 220, jf. Resultatområde 31.7 Tilskuddsforvaltning. TUA-prosjektet skal finansieres med inntil 1 mill kroner innenfor eksisterende budsjetttramme under kap. 225 post 68, jf. Fullmaktsbrev for 2010.

### Bakgrunnsinformasjon

- St.meld.nr.27 (2004-2005) Om opplæring innenfor kriminalomsorgen Enda en vår
- Innst. S nr.196 (2004-2005)
- Prp. 1 S (2009-2010) Kunnskapsdepartementet
- Rundskriv nr. G-1/2008
- Rapport om opplæring innanfor kriminalomsorga 2008
- Innsette i norske fengsel: Utdanning, utdanningsønske og rett til opplæring
- St.meld.nr.37 (2007-2008) Straff som virker

### Rapportering

Fylkesmannen i Hordaland skal i årsrapporten vurdere egen måloppnåelse på dette resultatområdet sett i lys av a) embetets ressurser b) kompetanse, c) metodikk og strategier og d) andre forhold.

Det skal i tillegg rapporteres særskilt årlig om TUA-prosjektet til styringsgruppen i perioden 2008-2010 og i økonomirapporteringen til Utdanningsdirektoratet.”

## 2 Om fengsla og fangebefolkninga

### 2.1 Endringar innan kriminalomsorga

Kriminalomsorga er samansett av Kriminalomsorgens sentrale forvaltning (KSF), seks regionadministrasjonar, fengsla og friomsorgskontora, to senter for narkotikaprogram med domstolskontroll (ND), Kriminalomsorgens utdanningssenter (KRUS) og Kriminalomsorgens IT-teneste (KITT).

I april 2010 blei Halden fengsel opna. Fengslet har plass til 248 innsette. Det er etablert ei omfattande skoleverksemd ved det nye fengslet. I oktober 2009 blei Moss og Fredrikstad fengsel lagt ned. Bruvoll fengsel blei gjort permanent frå 2010.

Det finst 3 fengsel særskilt tilrettelagt for kvinner: Bredtveit, Sandefjord og Ravneberget med til saman 117 plassar. I tillegg er det kvinneavdelingar ved 8 andre fengsel med i alt 71 plassar. Ein del andre fengsel kan ta imot kvinner etter behov. I 2010 var det 18 andre fengsel som hadde kvinnelege innsette.

Det er i dag skole ved alle fengsel og fengselsavdelingar. Når det gjeld dei to nye ungdomseiningane, er den eine mellombels etablert ved Bergen fengsel, avd. D. Det er planar for at avdelinga skal liggje i nye lokale i nærleiken av Bjørgvin fengsel. Det er ikkje avgjort kor ungdomseininga på Austlandet skal byggast.

Om lag 37 prosent av alle fengselsplassane er klassifiserte som lågare grad av tryggleik (tidlegare omtala som opne plassar).

I 2010 blei det sett ut i livet 2647 dommar på samfunnsstraff og 907 dommar med elektronisk kontroll. Desse dommane er særleg aktuelle for oppfølgingsklassene.

## **2.2 Tal innsette gjennom året**

Gjennomsnittleg tal innsette per dag i 2010 var 3704. I 2009 var talet 3309. Pr. 31.12.2010 var den ordinære fengselskapasiteten 3826. Det totale talet på innsette i 2010 var 14606.

Av alle domar som blei sett i verk var 51 prosent på under 60 dagar, 64 prosent under 90 dagar og 12 prosent på 1 år eller meir. Gjennomsnittleg sitjetid for domssonarar var i 2010 123 døger, mot 116 i 2009. Gjennomsnittleg tal innsette pr. 100 000 innbyggjarar 15 år eller eldre, var 90.

Det er auke i tal varetektsinnsette. I gjennomsnitt sat 990 i varetekt i 2009 mot 799 i 2008. Det var 3859 nyinnsetjingar i varetekt i 2009 mot 799 i 2008.

Av alle nyinnsetjingar i 2010 var 8,8 prosent kvinner. I gjennomsnitt var det 207 kvinner i fengsel.

Aldersmessig er to tredelar (63,7 prosent) av fangebefolkninga i aldersgruppa 21-40 år. I denne alderskategorien finn vi 70 prosent av elevane. I alderskategorien 25 - 50 finn vi 69,8 prosent av fangebefolkninga. Det tilsvarande tal elevar i same kategori er samanfallande – 70 prosent (vedlegg 5). Det er altså godt vaksne elevar som tek del i opplæringa.

Tal utanlandske borgarar i norske fengsel er aukande. Pr. 1. mars 2010 var 30,8 prosent av fangebefolkninga utanlandske borgarar. I alt var 120 nasjonar representerte: Polen (413), Litauen (291), Irak (157), Romania (153), Nigeria (151), Sverige (131) og Somalia (125) for å nemne nokre. I 2005 var talet 17,7 prosent.

## **3 Om skolen**

Det er 36 vidaregåande skolar og ein eigen skole (Grønland Voksenopplæringscenter) – 37 i alt, som er ansvarlege for opplæringa i kriminalomsorga. Det gjeld opplæring både i fengsla og ved dei 10 oppfølgingsklassane som er etablert fleire stader i landet. I 2010 var det i alt tilsett 424 lærarar på heil- og deltid, noko som utgjer 279 årsverk. Av tal lærarar var meir enn fire av ti kvinner.


### **3.1 Dom og varetekt**

Det er 27 prosent av elevane som sit i varetekt, medan 30,3 prosent av den totale fangebefolkninga er varetektsdømde. Av alle som sit i varetekt, er 36,7 prosent elevar. Dette er høgare tal enn føregåande år. Av alle som sona dom, var 43 prosent elevar. Av dei forvaringsdømte var nesten halvparten i skolen (vedlegg 7).

## 4 Om elevane/deltakarane


Det gjennomsnittlege elevtalet var i 2010 på 2532: 843 på heiltid og 1689 på deltid. Det er ein kraftig auke samanlikna med året før der det samla talet var 1751. Det er talet elevar/deltakarar på deltid som har auka mest – frå 967 i 2009 til 1689 i 2010 (vedlegg 3 og vedlegg 20).

Frå og med 2009 registrerer skolane elevar på heiltid og deltid. Denne måten å registrere på gir truleg eit meir korrekt bilete av kapasiteten. Auken i talet på deltidselevar kan og vera eit uttrykk for at opplæringstilboda er meir tilpassa dei innsette sine behov. I mange fengsel er det slik at dei innsette kan gå halv dag i arbeidsdrifta og halv dag i skole.



**Figur 1** Tal elevar/deltakarar 1996 – 2010 (tal).

Figur 1 viser tal elevplassar 1996 – 2010. Frå 2005 til 2009 ser vi ein auke i tal elevplassar. Det er i dette tidsrommet regjeringa gir midlar slik at det blir etablert skole i alle fengsel. Auken i tal elevplassar frå 2009 (markert med raudt i figuren) kjem på grunn av at skolane no registrerer både på heiltid og deltid og slik får eit rettare bilete av opplæringsaktiviteten. I tillegg blei Halden fengsel opna i april 2010 med ei omfattande opplæringsverksemd, noko som også gir seg utslag i auken på tal elevar. Dei fleste skolane har auke i tal elevar på deltid.



**Figur 2** Tal elevar/deltakarar på heiltid og deltid fordelt på fengsel og oppfølgingsklassar (tal).

Figur 2 viser tal elevar/deltakarar på heiltid og deltid fordelt på fengsel og oppfølgingsklassar. Samanlikna med 2009 har talet på deltidselevar nesten fordobla seg både i fengsla og oppfølgingsklassene.

Tabell 1 viser registrerte elevar/deltakarar over tid i fengsla etter type opplæring. Frå og med 2009 ser vi ein kraftig auke i tal registrerte elevar. Årsaka til dette er at elevane frå 2009 er registrerte som heil- og deltidselevar. For 2010 er det samanlikna med 2009 færre elevar registrerte på vgs og andre kurs, men ein auke når det gjeld elevar på arbeidskvalifiserande kurs (vedlegg 8).

**Tabell 1** Registrerte elevar/deltakarar i fengsel frå 2003 til 2010 fordelt etter type opplæring

Skoleslag	Fengsel							2010
	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	
Grunnskole	235	193	188	89	65	98	129	96
Vgs	1572	1390	1448	1667	2533	2521	3314	2851
Andre kurs	1970	1813	1922	2600	2623	3281	3527	2273
Arb.kval kurs							1162	1611
NOA							402	34
Høgskole/universitet							159	134
Frigang							79	44
<b>Totalt</b>	<b>3777</b>	<b>3396</b>	<b>3558</b>	<b>4356</b>	<b>5221</b>	<b>5900</b>	<b>8772</b>	<b>7044</b>

1) Norsk som andrespråk


Tabell 2 viser registrerte elevar/deltakarar over tid i oppfølgingsklassane. Her ser vi ein viss auke samanlikna med 2009 i tal elevar innanfor vgs. Dette er nedgang i talet på elevar når det gjeld andre kurs, arbeidskvalifiserande kurs og tal elevar innanfor høgskole/universitet. Tala samla sett for oppfølgingsklassane kan vera litt høgare, sidan ikkje alle oppfølgingsklassar har kome med (vedlegg 23).

**Tabell 2** Registrerte elevar/deltakarar i oppfølgingsklassar frå 2003 til 2010 fordelt etter type opplæring

Skoleslag	Oppfølgingsklassar							
	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Grunnskole	42	45	31	10	11	7	12	27
Vgs	184	209	215	234	182	186	215	308
Andre kurs	124	162	184	201	134	307	509	256
Arb. kval. kurs							132	91
NOA							1	1
Høgskole/universitet							25	7
Frigang							30	6
<b>Totalt</b>	<b>350</b>	<b>416</b>	<b>430</b>	<b>445</b>	<b>327</b>	<b>500</b>	<b>924</b>	<b>698</b>

Nesten 8 000 innsette (7044 i fengsel og 698 i oppfølgingsklassar, vedlegg 8 og vedlegg 23) tok del i ei eller anna form for opplæring i 2010. Dette talet er så høgt mellom anna på grunn av at den gjennomsnittlege soningstida er kort – 116 dagar, og at ein del elevar kan vera talde fleire gonger. Ein elev kan delta på fleire opplæringstilbod gjennom året.


## 5 Om elevane/deltakarane i skolen i fengslet



**Figur 3** Tal elevar/deltakarar i skolen i fengslet delt på typar opplæring (tal) Kjelde: vedlegg 3.



Figur 3 viser tal elevar/deltakarar (gjennomsnitt) i skolen fordelt på ulike typar opplæring. Etter at vi i 2009 byrja registreringa med heil- og deltidslevar, ser vi at talet på deltidslevar har hatt ein auke både når det gjeld arbeidskvalifiserande kurs, andre kurs og vidaregåande opplæring. Ei tolking kan vera at deltidsstudium høver den innsette godt. Det kan bli ein god kombinasjon av teori og andre aktivitetar i fengslet.



**Figur 4** Tal elevar i fengsel fordelt på utdanningsnivå og kurs (tal).

Figur 4 viser tal elevar i anstalt fordelt på utdanningsnivå og kurs. Tal elevar både for andre kurs og vgs har hatt ein kraftig auke sidan 2005. Det var i 2005 arbeidet med å få etablert opplæring i alle fengsla tok til. Tal elevar i grunnskolen har lege på eit lågt nivå i mange år.

## 5.1 Grunnskole

Det er svært få innsette som tar grunnskole, sjølv om siste kartlegginga av innsette sin utdanningsbakgrunn viste at 10 prosent ikkje har fullført grunnskolen (Eikeland, Manger og Asbjørnsen, Rapport nr 1/10 frå Fylkesmannen i Hordaland). Den høge prosentdelen utlendingar i fengsla kan forklare litt av årsaka til det. Av tabell 1 går det fram at berre 96 elevar var registrerte som elevar i grunnskolen i 2010.

### 5.1.1 Eksamenar

Når det er få elevar i skolen, blir det også tatt få eksamenar. To elevar i fengsel tok til saman fire eksamenar i grunnskolen (sjå vedlegg 16).

## 5.2 Vidaregåande opplæring

Figur 3 viser at det gjennomsnittleg går 826 elevar på vidaregåande opplæring (326 på heiltid og 500 på deltid). Det er ein auke på 181 elevar samanlikna med 2009. I underkant av 3000 (2851) deltok i vidaregåande opplæring i 2010.


Tabell 3 viser samla tal elevar heil- og deltid fordelt på utdanningsprogram i vidaregåande skole. Ser vi på fordelinga av gjennomsnittleg elevplassar innan vidaregåande skole – heiltid, er litt under halvparten innanfor yrkesretta opplæring. Det er ein nedgang på yrkesretta opplæring med 16 prosent samanlikna med 2009. Når det gjeld deltid, er om lag 2 av 3 elevplassar innanfor yrkesretta opplæring. Det er ein auke på over tjue prosent frå 41,8 prosent til 64 prosent i 2010. Det er kanskje noko overraskande at utdanningsprogramma teknikk og industriell produksjon og bygg- og anleggsteknikk har hatt ein kraftig nedgang i heiltidselevar, men ein tilsvarande auke i elevar på deltid. Studiespesialisering derimot har hatt fleire elevar på heiltid i 2010 enn året før, men ein reduksjon i tal elevar på deltid.

**Tabell 3** Elevar og deltakarar heiltid og deltid fordelt på utdanningsprogram i vidaregåande skole

Utdanningsprogram	Elevar i fengsel (i prosent)	
	HT	DT
Elektrofag	1 %	2 %
Service og samferdsel	2 %	4 %
Idrettsfag	2 %	0 %
Helse- og sosialfag	3 %	3 %
Naturbruk	3 %	2 %
Medier og kommunikasjon	5 %	3 %
Teknikk og industriell produksjon	7 %	14 %
Restaurant- og matfag	8 %	12 %
Design og håndverk	8 %	5 %
Bygg- og anleggsteknikk	9 %	19 %
Musikk, dans og drama	9 %	1 %
Studiespesialisering	42 %	34 %
<b>Total</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

### 5.2.1 Eksamenar og kompetansebevis

Figur 5 viser kor mange elevar som har teke eksamen og kompetansebevis i 2009 og 2010. Tal elevar som tok eksamen og kompetansebevis var litt lågare i 2010, enn i 2009. Av den grunn blei det også tatt litt færre eksamenar i 2010, 685 (vedlegg 16) mot 693 i 2009.




**Figur 5** Elevar i fengsel som har teke eksamen eller kompetansebevis i 2009 og 2010 (tal)

Det blei tatt 690 kompetansebevis i 2010 (vedlegg 16) mot 771 i 2009. I 2010 var det mange skolar som av ulike grunnar ikkje har rapportert på kor mange elevar som har tatt kompetansebevis. Grunnen til at det er færre som har gjennomført eksamen, kan vera at talet innsette i varetekt var høgt i 2010.

### 5.2.2 Lærekontraktar, lærekandidatar, fagbrev/sveinebrev og praksiskandidatar

Figur 6 viser tal på fagbrev/sveinebrev, praksiskandidatar, lærekontraktar og lærekandidatar i fengsel.



**Figur 6** Tal på fagbrev/sveinebrev, praksiskandidatar, lærekontraktar og lærekandidatar i fengsel (tal)

Talet på inngåtte lærekontraktar har hatt ein auke i 2010 samanlikna med året før. Derimot er talet på lærekandidatar nokolunde stabilt, medan talet på praksiskandidatar er nesten halvert og det er også ein nedgang i talet på gjennomførte fagprøver/sveinebrev. Sjølv om det er ein auke i talet på inngåtte lærekontraktar, er det urovekkjande at fleire

av dei store fengsla med verkstader som er godkjende som lærebedrifter, har få inngåtte lærekontraktar og få gjennomførte fagbrev. Det er dei små og opne fengsla som har flest inngåtte lærekontraktar. Det er eit unnatak, skolen ved Bergen fengsel. Skolen ved Vestoppland fengsel, avd. Valdres har flest praksiskandidatar (vedlegg 15). Ei mogleg feilkjelde på dette området kan vera at mange skolar ikkje har rapportert. I tillegg var talet på varetektsinnsette høgt i 2010, ein situasjon som gjer det vanskeleg med ein strukturert opplærings situasjon.

### **5.2.3 Realkompetansevurderingar**

Som ei oppfølging av St.meld.nr.27 (2004-2005) gjennomførte Vox (Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk) etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland eit treårig prosjekt om realkompetansevurdering (rkv). Prosjektet blei avslutta 31.12.2009. Evalueringa viser at prosjektet har greidd å etablere rkv som eit verktøy for kompetansekartlegging og tilrettelagt opplæring for denne elevgruppa. Difor bør rkv nyttast og vidareutviklast når det gjeld opplæring i kriminalomsorga. Viktige funn elles i evalueringa er at rkv-prosjektet har ført til utarbeiding av rutiner for å nå aktuelle elevar med informasjon, og samstundes stor grad av kompetanseheving på rkv generelt ved dei fengsla som har vore med i prosjektet. Rkv i seg sjølv er ein motivasjonsfaktor for denne elevgruppa, noko som fører til at elevane i større grad ser framover etter avslutta soning (Garmannslund og Meltevik 2010). Fylkesmannen i Hordaland vil frå hausten 2011 setje i gang med ein to-åring plan for gjennomføring av rkv i heile kriminalomsorga. Vi viser også til rapporten "Din tur til å bevisе" (Fylkesmannen i Hordaland, Rapport nr 2/10).

I 2010 blei det gjennomført samla 238 rkv som er 26 fleire enn i 2009. Av desse blei 198 rkv tatt i fengsla. Det er skolane ved Trøgstad og Eidsberg fengsel (26 rkv), Hustad fengsel (25 rkv), Nermarka fengsel (20 rkv), Bastøy fengsel (15 rkv) og Halden fengsel (12 rkv) som har gjennomført dei fleste realkompetansevurderingane. Skolen ved Mosjøen fengsel med berre 15 innsette, gjennomførte 10 rkv. Det overraskande er at skolane ved store fengsel som Bergen fengsel og Åna fengsel ikkje har gjennomført rkv i det heile tatt. Åsane vgs ved Bergen fengsel var også med i det treårige nasjonale prosjektet om rkv. Ved det største fengslet i landet – Oslo fengsel – blei det gjennomført to rkv i 2010. Vi manglar rapportering frå skolane ved 12 fengsel (vedlegg 17).

## **5.3 Arbeidskvalifiserande kurs**

Tal innsette som tok arbeidskvalifiserande kurs i 2010 var 716 (vedlegg 17). Det er ein reduksjon på 436 elevar samanlikna med 2009. Ei mogleg feilkjelde kan vera at er mange skolar som ikkje har rapportert (vedlegg 17). Det er grunn til å tru at talet er høgare, sidan det daglege gjennomsnittstalet er på 379 (129 HT og 250 DT – sjå figur 3) i 2010 mot 112 i 2009. Det var også mange fleire registrerte på arbeidskvalifiserande kurs – 1611 - i 2010, enn i 2009 (1162 – sjå tabell 1).

## **5.4 Andre kurs**

Det gjennomsnittlege elevtalet på andre kurs var 917 (159 heiltid og 758 deltid, sjå figur 3). Det er nesten 300 fleire innsette som deltok i andre kurs samanlikna med 2009. "Andre kurs" er ofte korte og motivasjonsfremjande tilbod som blir gitt for å fremja interessa for læring. Det kan vera formingskurs, musikkurs, drama, datakurs

med meir. Det var samla litt over 2000 innsette som var innom "Andre kurs" i 2010 (sjå vedlegg 8). Talet på deltakarar som gjennomførte "Andre kurs" var 803 (sjå vedlegg 17) – eit tal som er langt lågare enn i 2009 (2134). Det er same situasjonen som for arbeidskvalifiserande kurs at mange skolar ikkje har rapportert (sjå vedlegg 17). Det er difor grunn til å tru at talet må vera høgare.

## 5.5 Høgskole/ universitet

Målsetjinga for tilskottsordninga er mellom anna å medverke til finansiering slik at fylkeskommunane kan gje opplæring på grunnskolenivå til innsette og frigjevne som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til innsette og frigjevne som har rett til og ønskjer det. Det er ikkje lagt inn midlar slik at skolane kan leggje til rette for innsette som ønskjer utdanning på høgskole/universitetsnivå. Samstundes seier departementet i St.meld.nr.27 (2004/2005) at *"Fengsel, Aetat og skole må lokalt finne frem til løsnings som i minst mulig grad skaper unødige praktiske hindringer, og som i størst mulig grad legger til rette for deltakelse i høyere utdanning."* (s. 26). Skolane har over tid nytta noe ressursar for å leggje tilrette for at ein del innsette som ønskjer høgskole/universitets utdanning.

I 2010 var det i snitt 60 innsette (53 på heiltid og 7 på deltid – sjå figur 3) som dagleg var i gang med utdanning på høgskole- og universitetsnivå. Talet er litt lågare enn talet for 2009 som var 64. Det er og truleg ein grunn til at talet på eksamenar var lågare i 2010 – 131, (vedlegg 16) mot 165 året før.

## 6 Om elevane/deltakarane i oppfølgingsklassene

Det er etablert oppfølgingsklasser 10 stader rundt om i landet. Målsetjinga med desse klassane er å tilby opplæring for innsette som er i gang med skole i fengsel og som ønskjer å halde fram etter frigjeving. Det er ein del som av ulike grunnar opplever det problematisk å gå direkte inn i ein ordinær vidaregåande skole, eller i eit anna opplæringsløp.

I 2010 var det daglege gjennomsnittstalet 247 elevar (105 på heiltid og 142 på deltid – sjå figur 2, vedlegg 20). Det er ein god auke samanlikna med 2009 der talet var 169 elevar (96 på heiltid og 73 på deltid). Men det var ein nedgang i tal registrerte elevar frå 924 i 2009 til 698 elevar i 2010 (tabell 2, vedlegg 23).

### 6.1 Grunnskole

Det er få elevar som tar grunnskoleopplæring i oppfølgingsklassene. Gjennomsnittleg elevtal er 8 (5 på heiltid og 3 på deltid, vedlegg 20). Til saman 27 innsette har vore innom grunnskolen i 2010 (sjå vedlegg 23). Tal elevar i grunnskolen har vore lågt over fleire år.

#### 6.1.1 Eksamenar


Det blei ikkje tatt eksamen på grunnskolenivå i 2010 (sjå vedlegg 31). Det same var tilfelle i 2009.

## 6.2 Vidaregåande opplæring

Det var 110 elevar (69 på heiltid og 41 på deltid) i snitt pr. dag i vidaregåande opplæring (vedlegg 20). Det er liten ein auke i høve til 2009 då talet var 85 ( 52 på heiltid og 33 på deltid). Gjennom heile året var det registrert 308 elevar (vedlegg 23) som også var høgare enn i 2009 - 215.

### 6.2.1 Eksamenar

Figur 7 viser elevar som har teke eksamen/kompetansebevis i vidaregåande skole og eksamen i grunnskole.



**Figur 7** Elevar i oppfølgingsklasse som har teke eksamen eller kompetansebevis i 2009 og 2010 (tal)

I alt 60 elevar tok 145 eksamenar i 2010 (vedlegg 31). Det er om lag same nivå som året før (143). I tillegg blei det oppnådd 40 kompetansebevis, noko som er høgare enn i 2009 (28).

### 6.2.2 Lærekontraktar, lærekandidatar, fagbrev/sveinebrev og praksiskandidatar

Det blei inngått 10 lærekontraktar i 2010 (vedlegg 30), det same som året før. Talet på ferdige fagprøver har gått ned frå fem til to, medan talet på praksiskandidatar har hatt ein liten auke frå seks til åtte. Ingen elevar var registrerte som lærekandidat korkje i 2010 eller i 2009.

### 6.2.3 Realkompetansevurderingar

Tal gjennomførte realkompetansevurderingar i oppfølgingsklassene var 40 (vedlegg 32).

### 6.3 Arbeidskvalifiserande kurs

Det var samla 25 elevar (8 på heiltid og 17 på deltid, vedlegg 20) i snitt pr. dag som gjekk på arbeidskvalifiserande kurs, mot 20 (18 HT og 2 DT) året før. I alt var 92 elevar innom dette området i 2010 (vedlegg 23). Tilsvarande tal i 2009 var 132. Totalt 31 elevar gjennomførte slike kurs i 2010 (vedlegg 32).

### 6.4 Andre kurs

Gjennomsnittleg elevtal var 98 (16 på heiltid og 82 på deltid, vedlegg 20) mot 55 (18 heiltid og 37 deltid) i 2009. Totalt deltok 257 elevar (vedlegg 23) på ulike andre kurs i 2010, mot 509 i 2009. I alt 52 elevar fullførte andre kurs, men på dette området er det manglande rapportering frå skolane (vedlegg 32).

### 6.5 Høgskole/universitet

Berre to elevar var i gang med høgskole/universitetsutdanning (vedlegg 20). Det var i alt registrert sju elevar (vedlegg 23) og av desse tok seks elevar åtte eksamenar (vedlegg 31). I 2009 var dei tilsvarande tala; sju elevar i snitt, 25 registrerte elevar og det blei tatt 11 eksamenar.

### 6.6 Tal elevar/deltakarar pr. dato i oppfølgingsklassene fordelt på straffetype:


Av tabell 4 går det fram at nesten ein av tre av elevane i oppfølgingsklassene hadde samfunnsstraff, og om lag 15 prosent hadde frigang frå fengsel. Det er om lag dei same tala som i 2009, bortsett frå at tal elevar som hadde frigang er nesten halvert.

**Tabell 4** Elevar/deltakarar i oppfølgingsklassene fordelt på "status" frå kriminalomsorga

Kategori	Tal						
	2002	2004	2006	2007	2008	2009	2010
Prøvelausl. m/tilsyn/møteplikt	18	12	5	9	8	8	14
Prøvelausl. u/tilsyn	5	4	0	0	7	2	0
Tilsyn i samband m/dom	12	1	2	0	0	2	14
Samfunnsstraff (Samfunnssteneste)	2	18	8	1	3	45	40
Elektronisk kontroll							2
Frigang	13	11	20	11	11	38	21
Prøvelausl. frå forvaring (Sikring i fridom)	3	1	1	2	0	1	2
Personunders. - ventar på dom	1	0	2	3	0	4	0
Straff utanfor fengsel							5
Direkte vidareføring etter straffegjennomføring							29
Tilvist i samband med personundersøking							0
Anna	23	27	14	14	16	15	10
<b>Totalt</b>	<b>78</b>	<b>77</b>	<b>55</b>	<b>43</b>	<b>47</b>	<b>109</b>	<b>139</b>

## 6.7 Tal elevar/deltakarar i oppfølgingsklassene og rekruttering

Elevane i oppfølgingsklassane blir rekrutterte frå fleire instansar.



**Figur 8** Tal elevar i oppfølgingsklassene rekrutterte frå ulike instansar (tal)

Figur 8 viser tal elevar i oppfølgingsklassene rekrutterte frå ulike instansar. Det var i hovudsak friomsorga og skolen i fengslet som rekrutterte elevar til oppfølgingsklassene (vedlegg 28). Dei står bak om lag 70 prosent av elevrekrutteringa. Noko overraskande er det at skolen i fengslet ikkje er på topp, men det kan ha samanheng med at mange elevar har samfunnsteneste (sjå tabell 4).

## 7 Utanlandske elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklasser

Det er nokre fengsel og skolar som ikkje har rapportert på tal utanlandske innsette og utanlandske innsette i skole (sjå vedlegg 4). Av dei 1060 innsette med utanlandsk bakgrunn, deltok i snitt 422 i opplæring (vedlegg 4). Det vil seia at om lag 40 prosent av dei innsette i denne gruppa tok ei eller anna form for opplæring. Det er ein auke på nesten 7 prosent i høve til 2009, då om lag ein av tre var elevar ved skolane. Over halvparten av dei innsette med utanlandsk bakgrunn finn ein ved sju fengsel: Oslo fengsel, Ullersmo fengsel, Halden fengsel, Ringerike fengsel, Åna fengsel, Bergen fengsel og Trondheim fengsel. Oslo fengsel åleine har over ein femdel av dei utanlandske innsette. Nesten halvparten av dei utanlandske innsette som var under opplæring, var ved sju skolar: Grønland voksenopplæringscenter (Oslo fengsel), Rud vgs (Ila fengsel og forvaringsanstalt), Jessheim vgs (Ullersmo fengsel), Hjalmar Johansen vgs (Skien fengsel), Randaberg vgs (Stavanger fengsel), Åsane vgs (Bergen fengsel) og Charlottenlund vgs (Trondheim fengsel).



## 8 Andre forhold ved opplæringa

I rapporteringsskjemaet stiller vi og spørsmål om samarbeid med andre aktørar, standard på undervisningslokale, bruk av IKT og andre forhold ved skoleverksemda det er ønskjeleg å ta opp. Frå og med 2005 er det lagt inn spørsmål om oppfølging av St.meld. nr.27 (2004-2005).

### 8.1 Forvaltningssamarbeid


Forvaltningssamarbeidet står sentralt når det gjeld opplæring i kriminalomsorga. Å få til gode opplæringstilbod krev forvaltningssamarbeid mellom fleire instansar. Kriminalomsorga har eit overordna ansvar når det gjeld å samordna samarbeidet. Dette kjem fram mellom anna i Straffegjennomføringsloven §4 om forvaltningssamarbeid. *”Kriminalomsorgen skal gjennom samarbeid med andre offentlige etater legge til rette for at domfelte og innsatte i varetekt får de tjenester som lovgivningen gir dem krav på. Samarbeidet skal bidra til en samordnet innsats for å dekke domfelte og innsattes behov og fremme deres tilpasning til samfunnet.”*

I juni 2005 ga Justisdepartementet og Utdannings-og forskingsdepartementet ut eit felles rundskriv om ...Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorgen (Rundskriv G-5/2005 dagsett 06.06.2005). Føremålet med rundskrivet er at kriminalomsorga og opplæringssektoren skal leggje til rette for eit forpliktande og kvalitativt godt forvaltningssamarbeid ved å klargjera ansvars- og oppgåvefordelinga for etatane på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Dette rundskrivet er no revidert og ligg føre som Rundskriv G-1/2008, dagsett 20.10.2008.


I St.meld. nr. 27 (2004 – 2005) blir forvaltningssamarbeidet understreka på nytt og det blir mellom anna vist til det ovannemnde rundskrivet. Departementet legg vekt på at dersom straffegjennomføringa skal ha ein best mogeleg rehabiliterande effekt, er det viktig at *”...at den innsatte ved løslatelse i rimelig grad har dekket de behov som er nødvendige for å fungere i samfunnet. Slike behov er blant annet bolig, arbeid, utdanning, helsetilbud, tilbud fra rusomsorgen og et godt sosialt nettverk”* (St.meld. nr. 27, 2004-2005, s.28). Sentrale samarbeidspartnarar for skolen er arbeidsdrifta, programverksemda i fengslet og NAV.

#### 8.1.1 Skolen sitt samarbeid med arbeidsdrifta

Figur 9 viser tal skolar som har samarbeid med arbeidsdrifta, programverksemda og NAV. Vi ser at dei fleste skolane har samarbeid både med arbeidsdrifta og NAV.



**Figur 9** Tal skolar som har samarbeid med arbeidsdrifta, programverksemda og NAV (61 avdelingar)



**Figur 10** Kven møter når det er formalisert samarbeid med arbeidsdrifta?

Figur 10 viser kven som møter når det er formalisert samarbeid med arbeidsdrifta. På fengselsnivå ser vi at både fengselsleiinga og leiar for arbeidsdrifta møter i samarbeidsfora med skolen. Frå skolesida er inspektør/avdelingsleiar og rådgjevar representert. Medan representasjonen er godt ivaretatt på leiarnivå i fengsla, er det tilsvarende dårleg i skolen. Berre tre prosent av rektorane tar del i slike møte.


Tabell 5 viser kva skolen samarbeider med arbeidsdrifta om. Hovudtyngda i samarbeidet er at skolen står ansvarleg for teorien og arbeidsdrifta for praksis. Det urovekkjande er fråveret av samarbeid omkring realkompetansevurderingar, lærlingeordninga og praksisplassar.

**Tabell 5** Kva vert det samarbeidd om?

	Tal	Prosent
Anna	11	17 %
Entreprenørskap	1	2 %
Lærling og praksisplassar	4	6 %
Realkompetansevurderingar	2	3 %
Teori/praksis	28	42 %

### 8.1.2 Skolane sitt samarbeid med NAV Arbeid

Det er også eit godt samarbeid mellom skolane og NAV Arbeid.



**Figur 11** Kven møter når samarbeidet med NAV er formalisert?

Figur 11 viser kven som møter når samarbeidet med NAV er formalisert. Frå NAV er det i hovudsak NAV-konsulenten som møter, medan det frå skolesida er inspektør/avdelingsleiar og rådgjevar.


Tabell 6 får fram kva samarbeidet med NAV går ut på. Ikkje overraskande er det samarbeidet rundt økonomi og finansiering som utgjer det viktigaste området. I tillegg er det også ein god del samarbeid rundt kurs og realkompetansevurderingar. Skolen har meir samarbeid med NAV enn med arbeidsdrifta når det gjeld realkompetansevurderingar, praksisplassar og lærlingeordninga.

**Tabell 6** Kva vert det samarbeidd med NAV om?

	Antall	Prosent
Kurs	23	35 %
Realkompetansevurderingar	22	33 %
Praksisplassar	19	29 %
Lærlingeordning	15	23 %
Betre tilrettelegging av høgare utdanning	15	23 %
Økonomi/finansiering	29	44 %
Anna	20	30 %
Ikkje avkryssa	24	36 %

### 8.1.3 Skolane si deltaking i utviklingsprosjekt

Skolane deltek i ulike prosjekt. Det kan vera nasjonale prosjekt, nordiske prosjekt og EU-støtta utviklingsarbeid.



**Figur 12** Deltar skolen i utvekslingsprosjekt (tal)?

Figur 12 viser om skolane tek del i utviklingsprosjekt. Atten skolar rapporterer at dei deltar i ulike typar utviklingsprosjekt. Det er to fleire enn i 2009. Seks av skolane var med i EU-prosjekt. Det er same tal som i 2009, men det er ingen skolar som var med i nordiske prosjekt. Dei andre prosjekta er ”Nettstøtta læring” med økonomisk støtte frå Fylkesmannen i Hordaland og prosjekt som går på grunnleggjande dugleikar med midlar frå Vox.

### 8.1.4 Skolane sin bruk av IKT


Tilgang til digital kompetanse er ein av dei fem basisdugleikane i Kunnskapsløftet. Det krev at elevane i fengsla så langt råd har tilgang til IKT/Internett på linje med elevane i det øvrige skoleverket. Det er dette IFI, Internett for innsette, skal leggje til rette for.

Tabell 7 får fram tal skolar som har integrert IKT i undervisninga. Det er 11 skolar som melder at dei ikkje har IKT integrert i undervisninga. To skolar svara ikkje på spørsmålet.

**Tabell 7** Tal skolar som har IKT integrert i undervisninga

Ja	43	77 %
Nei	11	20 %
Ikkje svart	2	4 %

Ved utgangen av 2010 var det framleis 12 skolar som ikkje fått IFI-løysinga.




**Figur 13** I kva grad fungerer IFI til å oppfylle skolens krav til digital kompetanse (prosent)?

Figur 13 viser i kva grad IFI fungerer når det gjeld å oppfylle skolane sine krav til digital kompetanse. Det er berre 14 prosent som i "Ganske stor grad" er nøgd med løysinga. Ein av fire er i "Liten grad" og i "Ganske liten grad" nøgd med løysinga og 45 prosent er "Middels nøgd" med IFI. Dette viser at det er viktig å få til ei løysing som møter skolen sine behov betre enn det som kjem fram i desse tilbakemeldingane. Justisdepartementet seier at *"Tilgang til internett er et nødvendig tilbod om normalitetsprinsippet skal etterleves"* (St.meld.nr. 37 i 2007-2008). (Side 112).

### 8.1.5 Elevdemokrati

I følgje Opplæringslova (§11-6) skal kvar vidaregåande skole ha eit elevråd med minst eit medlem for kvar tjuande elev. Dette gjeld skolane der elevane har elevstatus. Elevrådet skal mellom anna jobba for læringsmiljøet, arbeidstilhøva og velferdsinteressene til elevane. Lova seier og at dersom elevrådet eller ein femdel av elevane ønskjer det, skal det haldast allmøte for elevane på skolen.



**Figur 14** Elevdemokrati - elevråd og tillitsvalde (tal).

På spørsmål om skolen i fengselet har elevråd, svarar berre to av skolane/ skoleavdelingane ja og 11 seier dei har tillitsvalde elever (Figur 14). Det var om lag tilsvarende tal i 2009. Det er viktig at skolane arbeider for å sikra rettane til elevdemokrati slik opplæringslova legg opp til.

### 8.1.6 Skolane si vurdering av eiga verksemd


Opplæringslova (§2-1) seier at skolen og lærebedrifta jamleg skal vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for dei ulike faga. Vidare blir det sagt (§2-3) at elevane i grunnskolen og i vidaregåande opplæring skal ta del i nasjonale undersøkingar som gjeld motivasjon, mobbing, elevmedverknad, elevdemokrati og det fysiske miljøet. Skolen skal ha ansvar for at kartleggingar blir følgde opp internt i samarbeid med elevrådet.

Tabell 8 viser at dei fleste skolane (92 prosent) gjennomfører evaluering av eiga verksemd.

**Tabell 8** Gjennomfører skolen evaluering av eiga verksemd?

	Antall	Prosent
Ja	52	93 %
Nei	2	3 %
Ikkje svart	2	4 %
<b>Total</b>	<b>56</b>	<b>100 %</b>

Det er vidare interessant å sjå korleis skolane gjennomfører evaluering av eiga verksemd.




**Figur 15** Korleis gjennomfører skolen evaluering av eiga verksemd (prosent)?

I figur 15 får vi eit bilete av korleis skolane gjennomfører evaluering av eiga verksemd. Skolane oppgir som svar at dei gjennomfører evalueringa ved å ta i bruk ulike verkemiddel: elevsamtaler, personalmøte, skriftleg evaluering frå elevane, allmøte eller andre tiltak. Elevsamtalene og personalmøta er dei viktigaste tiltaka.

### 8.1.7 Informasjon frå skolane til dei innsette i inntaksfasen i fengsel

“Skolen bør i større grad involveres i informasjon til de innsatte i inntaksfasen i fengsel” heiter det i St.meld.nr. 27 (2004 -2005, side 24).



**Figur 16** Oversyn over kven som informerer om skolen ved inntak i fengselet (tal).

Av figur 16 går det fram at 46 skolar/skoleavdelingar informerer innsette om skolen ved innsetjing i fengsel. Det er fleire fengsel enn skolar som gir opplysningar om skolen. I tillegg blir det også oppgitt at NAV og andre fortel om skolen. Dette inneber at det i mange tilfelle blir gitt informasjon frå både skole, fengsel, NAV og andre, men ved ein del fengsel deltek ikkje skolen i informasjonsarbeidet. For å få god og rett informasjon om skole, opplæringstilbod og rettar i høve til utdanning, er det viktig å understreke at det er skolane sjølve som må gje denne informasjonen.




**Figur 17** Oversyn over korleis informasjonen blir gitt (tal).

Figur 17 viser at informasjonen som blir gitt er både munnleg og skriftleg. I rapporten "Innsette i norske fengsel: Motiv for utdanning" (Manger, Eikeland, Diseth og Hetland 2006) kjem det fram at blant dei som ikkje tok utdanning i fengsel på det tidspunktet undersøkinga blei gjennomført, var det 17,7 prosent som sa at grunnen var at dei ikkje fekk informasjon om utdanningstilboda i fengslet. Det er difor viktig å betra informasjonen om opplæringstilboda i fengsla. Det kom og fram at informasjonen som blei gitt, ikkje var god nok. Det er difor ei oppgåve for skolen å styrka informasjonsarbeidet slik at innsette kan få innfridd retten sin til opplæring. Med tanke på at gjennomsnittleg soningstid er litt over tre månader, er det og viktig at informasjon om skolen blir gitt ved innsetting slik at den innsette kan koma raskt i gang og få utnytte tida på ein god måte.

### **8.1.8 Kompetanseheving for tilsette**


Utifrå tilbakemeldingane frå skolane ser det ut som at skolane/lærarane er nøgde med tilboda om kompetanseheving.





**Figur 18** Tal på tilsette som har fått tilbod om kompetansehevande tiltak siste år (tal).

Figur 18 viser at 47 skoleavdelingar (84 prosent) har fått tilbod om kompetansehevande tiltak.




**Figur 19** Når det er gitt tilbod om kompetansehevande tiltak, er dei i tråd med behova (tal)?

I figur 19 går det fram at 45 skoleavdelingar seier at dei kompetansehevande tiltak er i samsvar med behova. Skolane uttrykkjer behov for kurs omkring nettstøtta læring, ulike læringsstrategiar, vaksenopplæring, kunnskap om rusmisbrukarar, ADHD, lese- og skrivevanskar og norsk som andrespråk (NOA).


### 8.1.8.1 *Spesialpedagogisk kompetanse*

St.meld.nr. 27 (2004-2005) understrekar at den einskilte skole og skoleeigar må syte for tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse.




**Figur 20** Tilbyr skolen spesialundervisning (tal)?

Av figur 20 går det fram at 31 skoleavdelingar tilbyr spesialundervisning, 23 skolar gjer det ikkje.




**Figur 21** Har skolen tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse(tal) ?

Figur 21 får fram at 40 skolar meiner dei har god nok spesialpedagogisk kompetanse, 14 skolar seier dei ikkje har det, medan 12 skolar ikkje har svara.




**Figur 22** Er skolen i regelmessig kontakt med PPT (tal)?

Berre 13 skoleavdelingar svarar at dei har regelmessig kontakt med PPT. Heile 41 skoleavdelingar har ikkje regelmessig kontakt med PPT og 12 har ikkje svara.



**Figur 23** Om skolen nyttar spesialpedagogisk kompetanse ved hovudskolen (tal).

Figur 23 viser at halvparten av skoleavdelingane nyttar spesialpedagogisk kompetanse ved hovudskolen. Det er 21 avdelingar som ikkje gjer det og 12 har ikkje svara.




**Figur 24** Om skolen nyttar annan spesialpedagogisk kompetanse (tal).

I figur 24 kjem det fram at skoleavdelingane (28) også nyttar annan spesialpedagogisk kompetanse som til dømes kompetanse frå vaksenopplæringssentra. Det er 26 avdelingar som ikkje nyttar slik kompetanse, og det er 12 som ikkje har svara.

Spesialpedagogisk kompetanse er viktig med tanke på at 37 prosent av alle innsette rapporterer å ha vanskar med lesing og skriving, og at om lag halvparten av dei innsette melder å ha problem med matematikk (Manger, Eikeland, Diseth og Hetland 2006). I 2009 kartlegginga får forskarane fram at om lag seks av ti deltakarar skårar over grenseverdien for symptom på ADHD, og om lag ein av tre rapporterer om symptom som samsvarar med dysleksi. Kvar fjerde deltakar seier at dei har omfattande vanskar på både områda, og denne gruppa har også i særstilling låg utdanning ved at berre ein av ti har klart å gjennomføre vidaregåande opplæring (Asbjørnsen, Eikeland og Manger 2011. Rapport nr 1/11 frå Fylkesmannen i Hordaland).


### 8.1.8.2 Opplæring gjennom heile året

St.meld.nr. 27 (2004-2005) gjer det klart at skoleeigar og den lokale skolen har ansvar for å leggje til rette for at ein skal kunne tilby opplæring uavhengig av skoleåret. Dette for å betra opplæringstilboda og møta behovet til alle, uavhengig av om den innsette har lang eller kort soningstid.



**Figur 25** Tilbyr skolen opplæring gjennom heile året (prosent)?

Figur 25 viser at over halvparten av skoleavdelingane tilbyr opplæring i vinterferien, medan 43 prosent seier dei tilbyr opplæring i sommarferien. Over halvparten gir ikkje opplæring i sommarferien og 39 prosent svarar at dei heller ikkje har opplæring i vinterferien. Av grunnar som blir oppgitt for ikkje å tilby opplæring gjennom heile året, svarar fleire avdelingar at dei ikkje har ressursar til å drive slik opplæring. Fylkesmannen i Hordaland har gjennom sine tildelingsbrev til fylkeskommunane sagt at utifrå den tildelte ressursramma skolane får tildelt, skal det leggjast til rette for opplæring gjennom heile året.



**Figur 26** Kva opplæringstilbod blir gitt i sommerferien?

I figur 26 går det fram at det er varierende kva slags opplæringstilbod som blir gitt i feriane. Ein del avdelingar tilbyr det same som for resten av året medan andre avdelingar i større grad gir tilbod i enkeltfag, kurs samarbeid med NAV og andre spesialtilpassa kurs.

### 8.1.8.3 Undervisningslokala

Det er kriminalomsorga sitt ansvar å skaffa tilfredstillande lokale til opplæring i fengsla. Dette går fram av Rundskriv G-1/2008 om Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorga og i Avtalen mellom staten ved Kyrkje- og undervisningsdepartementet og fylkeskommunen om statstilskot til fengselsundervisning frå 1988.

På spørsmål knytt til standarden på lokala som vert nytta til opplæring, rapporterer skolane både på standarden på lokala nytta til opplæring i teori og på lokala nytta til yrkesfag. Dette tyder at skolane svarar på to spørsmål og at ein skole kan ha ulik standard på ulike lokale.

Tabell 9 viser skolane si vurdering av undervisningslokala som blir nytta til opplæring. Vi ser at det er mange skolar som rapporterer om svært god og god standard på undervisningslokala. Diverre er det for mange skolar som gir tilbakemelding om at lokala er i dårleg stand. Det gjeld i særleg grad lokale for yrkesopplæring. Regionane i

kriminalomsorga må lage ein plan for korleis dei kan møte behovet for tilfredsstillande undervisningslokale. Dersom ikkje det skjer, vil det vera uforsvarleg bruk av ressursar og det kan bli aktuelt å leggje ned skoleverksemda.

**Tabell 9** Skolane si vurdering av lokala som vert nytta til opplæring

REGION ØST		Dårleg	Mindre god	God	Svært god
Bredtveit fengsel forvarings- og sikringsanstalt	Teori				
	Yrkesfag				
Bredtveit fengsel, avd.Bredtveitveien	Teori				
	Yrkesfag				
Oslo fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Sarpsborg fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Halden fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Ravneberget fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Indre Østfold fengsel avd. Trøgstad	Teori				
	Yrkesfag				
Indre Østfold fengsel avd Eidsberg	Teori				
	Yrkesfag				

REGION NORDØST					
Ila fengsel forvarings-og sikringsanstalt	Teori				
	Yrkesfag				
Ullersmo fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Ullersmo fengsel avd. Krogsrud	Teori				
	Yrkesfag				
Kongsvinger fengsel avd. lukka	Teori				
	Yrkesfag				
Kongsvinger fengsel avd. open	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Hamar open	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Hamar lukka	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Bruvoll	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Ilseng fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Vestoppland fengsel avd. Gjøvik	Teori				
	Yrkesfag				
Vestoppland fengsel avd. Valdres	Teori				
	Yrkesfag				

REGION SØR					
Hassel fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Ringerike fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Drammen fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Nordre Vestfold fengsel avd. Horten	Teori				
	Yrkesfag				
Nordre Vestfold fengsel avd. Hof - open	Teori				
	Yrkesfag				
Berg fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Bastøy fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Sem fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Telemark fengsel avd. Skien fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Telemark fengsel avd. Kragerø fengsel	Teori				
	Yrkesfag				

REGION SØRVEST					
Arendal fengsel avd. Kleivgrend	Teori				
	Yrkesfag				
Arendal fengsel avd. Evje	Teori				
	Yrkesfag				
Arendal fengsel avd. lukka	Teori				
	Yrkesfag				
Arendal fengsel avd. Håvet	Teori				
	Yrkesfag				
Kristiansand fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Haugesund fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Åna fengsel avd. lukka	Teori				
	Yrkesfag				
Åna fengsel avd. open	Teori				
	Yrkesfag				
Sandeid fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Stavanger fengsel	Teori				
	Yrkesfag				

REGION VEST					
Bergen fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Bjørgvin fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Bergen fengsel avd. Osterøy	Teori				
	Yrkesfag				
Vik fengsel avd. lukka	Teori				
	Yrkesfag				
Vik fengsel avd. open	Teori				
	Yrkesfag				
Hustad fengsel avd. lukka	Teori				
	Yrkesfag				
Ålesund fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Hustad fengsel avd. open	Teori				
	Yrkesfag				

REGION NORD					
Trondheim fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Verdal fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Bodø fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Bodø fengsel avd. Fauske	Teori				
	Yrkesfag				
Mosjøen fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Tromsø fengsel avd. lukka	Teori				
	Yrkesfag				
Vadsø fengsel avd. lukka	Teori				
	Yrkesfag				
Vadsø fengsel avd. open	Teori				
	Yrkesfag				

## 9 Rapport om arbeidet ved Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga

Fylkesmannen i Hordaland er med verknad frå 01.10.93 delegert ansvaret for dei nasjonale samordnings- og utviklingsoppgåvene for opplæring innanfor kriminalomsorga. Oppgåvene kan grupperast i desse hovudområda:

- Fordeling av tilskott
- Tilsyn/fagleg kontroll
- Fagleg/pedagogisk oppfølging, forsøks- og utviklingsarbeid
- Ein viss grad av internasjonal kontakt



Tre årsverk på kontoret er knytt til dette området. Eit av årsverka er eit engasjement som det er vedtatt skal omgjerast til ei fast stilling. Fylkesmannen er vidare delegert ansvaret for å følgje opp Plan for oppfølging av St.meld.nr. 27 (2004-2005). I tillegg er det engasjert ein person i 80 prosent stilling som IKT rådgjevar.

## 9.1 Tilsyn og kontroll

Tildelinga for 2010 er samla på 216 404 000 kr og er nytta i samsvar med føresetnadene. I dette arbeidet har Fylkesmannen kontakt med Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, Justisdepartementet og dei seks kriminalomsorgsregionane. Budsjettet som blir tildelt fylkeskommunane kvart år, blir fordelt etter visse kriterier. Framlegg til budsjettfordeling blir drøfta i Koordineringsgruppa (representantar for Fylkesmannen i Hordaland og Justisdepartementet v/Kriminalomsorgens sentrale forvaltning (KSF)) for opplæring innanfor kriminalomsorga. KSF sender også forslaget til budsjett til kriminalomsorgsregionane for å få innspel til budsjettfordelinga.

Fylkesmannen reviderer rekneskap og gjennom årsrapporteringa får vi eit bilete av om ressursane blir nytta i høve til føresetnadene. I 2010 måtte Fylkesmannen gripe inn i høve til Hedmark fylkeskommune fordi vi såg at skolen ved Kongsvinger fengsel hadde altfor få innsette i opplæring i høve til tildelte midlar. Prosessen førte til at ein annan vgs fekk ansvaret for opplæringa ved fengslet, og vi har no tru på at ressursane blir nytta til beste for den innsette og institusjonen.

Halden fengsel blei formelt opna 8.april. Fengslet har 248 plassar og det er etablert ei omfattande skoleverksemd ved fengslet.

## 9.2 Fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid

Vi nyttar ulike strategiar for å informere og sjå til at skoleeigarar varetar sitt ansvar for innsette sine rettar blir ivaretatt. Dette blir gjort m.a. i høve til dei ulike aktørane gjennom tildelingsbrev, møte, fagsamlingar, prosjekt og implementering av prosjektresultata.

I førebels tildelingsbrev og i tilskottsbrev til fylkeskommunane kvart år blir skoleeigar gjort merksam på dei overordna politiske styringsdokument som gjeld for dette området og for skoleverket generelt. Skoleeigar blir gjort særleg merksam på både i førebels tildelingsbrev og tildelingsbrev at innsette med rett og plikt til grunnskole og innsette med rett til vidaregåande opplæring skal prioriterast.

I tildelingsbrev for 2009 blei fylkeskommunane bedne om å lage ein ny plan for opplæringa innanfor kriminalomsorga med dei overordna politiske styringsdokumenta som rettesnor. I dette arbeidet blir fylkeskommunen beden om å ha med samarbeidspartar frå dei aktuelle skolane, kriminalomsorga (lokalt og regionalt), NAV og eventuelt andre aktuelle samarbeidspartar. Dette arbeidet har halde fram i 2010.

Fylkeskommunane, skolane, kriminalomsorga har blitt gjort særleg merksame på Rundskriv G1/2008 frå Justisdepartementet og Kunnskapsdepartementet om Forvaltningssamarbeid mellom Opplæringssektoren og Kriminalomsorgen.

Fleire Fylkesmenn har gjennomført tilsyn med fylkeskommunen på dette området med særleg vekt på om dei innsette som har ein rett til opplæring, får retten sin innfridd.

### **9.2.1.1      *Nettstøtta læring***

Fylkesmannen i Hordaland har eit prosjekt om nettstøtta læring i opne fengsel og ved oppfølgingsklassene. Oxford Research evaluerer prosjektet. Prosjektet blei avslutta 31.12.2010.

### **9.2.1.2      *Realkompetansevurdering***

Eit nasjonalt 3-årig prosjekt om realkompetansevurdering som Fylkesmannen har delegert til Vox, blei avslutta 31.12.2009. Sjå rapport nr 2/10 "Din tur til å bevise". Oxford Research AS har evaluert prosjektet. Sjå rapport nr 4/10 "Med blikket rettet fremover". Arbeidet med vidare implementering av prosjektresultata startar hausten 2011 og går fram til desember 2013.

### **9.2.1.3      *TAFU – tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning***

Fylkesmannen i Hordaland har fått i oppdrag å prøva ut ein ny modell for tilbakeføring av straffedømde som no er etablert i Troms og i Rogaland – TAFU (Tilbakeføring gjennom utdanning, fritid og arbeid). Prosjektet er ei vidareutvikling av KrAmi-prosjektet i Sverige. Prosjektet kom i gang hausten 2008, og etter godkjenning av styringsgruppa er prosjektperioden blitt forlenga til 31.12.2012. Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) har fått ansvar for å evaluere prosjektet.

### **9.2.1.4      *Fagnettverk***

Fylkesmannen i Hordaland har gjort avtale med koordinatorar innan ulike fagområde: praktisk estetiske fag, opplæring for minoritetsspråklege, yrkesfag, IKT, språkfag, rådgjevarane og realfag. Målsettinga for koordinatorane sitt arbeid er at dei skal vera bindeledd mellom Fylkesmannen i Hordaland og lærarane innanfor dei ulike faga. Dei skal bidra til å utvikle faglege nettverk for lærarane innan fagområdet via læringsplattforma It's learning.

I februar 2010 vart den andre store fagsamlinga for lærarar innan dei nemnde fagområda arrangert.

Det er fylkeskommunen som har ansvar for etterutdanning innan dei ulike faglege område. Dette fagnettverket skal medverke til å styrke det faglege samarbeidet mellom lærarane med dei utfordringane som er særmerkte innan opplæringa i kriminalomsorga.

### **9.2.1.5      *Høgare utdanning***

St.meld.nr.27 (2004-2005) gjekk inn for at "*Fengsel, Aetat og skole lokalt må finne frem til løsnings som i minst mulig grad skaper unødige praktiske hindringar, og som i størst mulig grad legger til rette for deltakelse i høgere utdanning*". Fylkesmannen i Hordaland gav Institutt for kriminologi og rettssosiologi, UiO og Grønland Voksenopplæringscenter i oppdrag å kartlegge situasjonen for norske innsette som ønskjer å ta høgare utdanning. Denne kartlegginga ligg føre i rapporten "Fange og student? Et utredningsprosjekt om universitets og høyskoleutdanning i norske fengsler". Fylkesmannen i Hordaland vil i

2011 setje ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med problemstillingane knytta til høgskole og universitetsutdanning for innsette.

### **9.2.1.6 Internett i skole og kriminalomsorg**

Når det gjeld IFI, Internett for innsette, har utdanningsstyresmaktene (Udir og FMHO) i samarbeid med kriminalomsorga (KSF – Kriminalomsorgens sentrale forvaltning, KITT – Kriminalomsorgens IT teneste) utvikla ei nasjonal løysing med kontrollert tilgang til internett. I samarbeid med KSF og KITT har Fylkesmannen i Hordaland arbeidd vidare med å utvikle og implementere løysinga. Arbeidet heldt fram i 2010, og i 2011 skal alle fengsla vera knytta opp mot denne løysinga.

### **9.2.1.7 Samarbeid med forskingsmiljø**

Fylkesmannen i Hordaland har gjennom fleire år hatt samarbeid med forskingsinstitusjonar for å få gjennomført kartlegging og forskning på området opplæring i kriminalomsorga.

Oxford Research AS har evaluert realkompetanseprosjektet ("Med blikket rettet fremover Sluttrapport for evaluering av realkompetansevurderingsprosjektet innenfor kriminalomsorgen" v/Garmannslund og Meltevik, Rapport nr 4/10 frå Fylkesmannen i Hordaland). Vox, som leia prosjektet etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland, har også skrive sin eigen rapport ("Din tur til å bevise Realkompetansevurdering i opplæringen innenfor kriminalomsorgen, 2007-2009". Sluttrapport v/Alfsen, Hanssen og Ramstad, Rapport nr 2/10), sjå også pkt. 7.2.1.2. Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) har gjennom konkurranse fått i oppdrag å evaluere TAFU prosjektet, sjå pkt. 7.2.1.3. Utifrå ei felles forståing av behovet for kunnskapsutvikling er det inngått ein avtale om FOU samarbeid mellom Fylkesmannen i Hordaland og Universitetet i Bergen. Avtalen skal medverke til ei langsiktig kunnskapsbygging og metodeutvikling på område som er sentrale for Fylkesmannen i Hordaland når det gjeld opplæring i kriminalomsorga og UiB.

Kartlegginga av den norske fangebefolkninga som blei gjennomført i 2009, viser mellom anna at det er ein av ti som ikkje har fullført grunnskole. I den andre enden av skalaen har 15,3 prosent av dei innsette fag eller grad på universitets- eller høgskole som høgaste fullførde utdanningsnivå. Det mest alvorlege er at nesten ni av ti innsette under 25 år ikkje har fullført vidaregåande opplæring – eit tal som har auka for kvar kartlegging som er gjennomført (Eikeland og Manger 2004, Eikeland, Manger og Diseth 2006, Eikeland, Manger og Asbjørnsen 2010). Samla sett har ein av tre ikkje fullført vidaregåande opplæring. I tillegg har mange lese- og skrivevanskar og konsentrasjonsvanskar. Ein av ti har ikkje hatt arbeid, og 59,2 prosent av innsette som har hatt arbeid, har hatt ufaglært arbeid. Når det gjeld IKT-kompetanse, er innsette klart svakare enn elevar på tiande steget i grunnskolen.

Det positive er at sju av ti innsette har utdanningsønske i soningstida og dei opplever utdanning i fengsel nyttig. Å endre og meistre framtida var den klart viktigaste motivasjonen for å forklare kvifor innsette tek utdanning i fengsel. Forskarane meiner det er heilt naudsynt at ein i langt større grad enn no lagar strukturerte opplegg for utdanning og arbeid som både omfattar soningstida og tida etter soning (oppllysningane over er henta frå Eikeland, Manger og Asbjørnsen 2010, Manger, Eikeland og Asbjørnsen 2010 og Asbjørnsen, Manger og Eikeland 2011).

Universitetet i Bergen gjennomførte i mai 2009 ei ny kartlegging av innsette sin utdanningsbakgrunn, utdanningsbehov og ønske. Denne kartlegginga viste mellom anna følgjande:

Denne kartlegginga viste at vi veit for lite om utanlandske innsette sin utdanningsbakgrunn. Fylkesmannen i Hordaland er kontaktperson for Nordisk nettverk for fengselsundervisning. Nettverket tok initiativ til å utvikle eit kartleggingsverktøy/ ein intervjuguide for ein nordisk undersøking av innsette med utanom-nordisk statsborgarskap, deira utdanningsbakgrunn, motivasjon og ønske. Nordisk Ministerråd ved NordPluss Voksen gav økonomisk støtte til å utvikle intervjuguiden som no er ferdig. Steg 2 i prosjektet er på bakgrunn av kartleggingsverktøyet/intervjuguiden å gjennomføre nasjonale kartleggingar i kvart av dei nordiske landa. I samarbeid Kriminalomsorgens sentrale forvaltning blir det i Noreg gjennomført ei kartlegging av utdanningsbakgrunnen til irakiske fangar. Det vil skje i 2011.

### **9.3 Forvaltningssamarbeid**

Rundskriv om forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorga – G-1/2008 – frå Justis-og politidepartementet og Kunnskapsdepartementet, viser til at kriminalomsorga gjennom samarbeid med andre offentlege etatar skal leggje til rette for at domfelte og innsette i varetekt får dei tenestene som lovgjevinga gir dei krav på. Vidare blir det sagt at kriminalomsorga og opplæringssektoren skal leggje til rette for eit forpliktande og kvalitativt godt forvaltningssamarbeid ved å klargjera ansvars- og oppgåvefordelinga for etatane på sentralt, regionalt og lokalt nivå.

#### **9.3.1.1 Nasjonalt nivå**

I følgje rundskriv G-1/2008 er Koordineringsgruppa for opplæring i kriminalomsorga samansett av representantar for Fylkesmannen i Hordaland og Kriminalomsorgens sentrale forvaltning. Representant for Utdanningsdirektoratet kan inviterast ved behov. Koordineringsgruppa drøftar og gir råd til Utdanningsdirektoratet og Justis- og politidepartementet om budsjett, regelverk, prinsipp, prioriteringar og tildelingsbrev som vedkjem opplæring i kriminalomsorga.

Koordineringsgruppa hadde tre møte i 2010. Eitt av møta var lagt til Bodø fengsel der representantane fekk informasjon både om skolen og fengslet.

#### **9.3.1.2 Regionalt nivå**

Rundskriv G-1/2008 viser til at dei seks regionane i kriminalomsorga skal samarbeide med fylkeskommunane, som er fagleg og administrativt ansvarlege for opplæringa. Det bør også etablerast kontakt med Fylkesmennene som utøver tilsyn og kontroll med dei fylkeskommunale oppgåvene. Det skal opprettast regionale møteplassar mellom etatane. Det regionale samarbeidet skal leggje til rette for eit differensiert opplæringstilbod innanfor kriminalomsorgsregionane, og sikre ei samlande vurdering av opplæringstilbodet i regionen. Samarbeidet bør omfatte plan- og budsjettarbeid og utveksling av informasjon og likeeins medverke til kompetanseheving internt i etatane. Det bør også omfatte oppfølging av rapportering vedrørende opplæringstilbodet og samarbeidet lokalt. Også på regionalt nivå ligg eit ansvar for å få med andre

samarbeidande etatar slik at tilboda til den enkelte innsette/domfelte kan samordnast.

Kriminalomsorga region nordøst har gjennom mange år lagt til rette for eit regionalt møteforum. Regionen omfattar Akershus, Hedmark og Oppland. I dette forum, som har møte to gonger i året, er det med representantar for fylkeskommunane og fylkesmennene i regionen. I tillegg møter Fylkesmannen i Hordaland. Det er ein nyttig møteplass der ein tar opp aktuelle problemstillingar, diskuterer opplæringstilboda i regionen og gjensidig utvekslar informasjon.

Kriminalomsorga region vest tok i juni 2010 initiativ til eit tilsvarande forum i region vest. Regionen er samansett av Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylke.

I dei andre fire regionane er det ikkje etablert tilsvarande forum, noko kriminalomsorga har eit ansvar for, jf § 4 i Straffegjennomføringslova og Rundskriv G-1/2008. Fylkesmannen i Hordaland har tatt dette opp med Kriminalomsorgens sentrale forvaltning ved fleire høve.

### 9.3.1.3 Lokalt nivå

Fengslet og friomsorgskontoret skal samarbeide med den enkelte vidaregåande skole og fagopplæringskontoret som yter tenester til domfelte og innsette. Det skal etablerast rutiner og faste møteplassar for samarbeid mellom skoleleinga og fengsels- og friomsorgsleinga. Samarbeidet omfattar dagleg samordning, koordinering og evaluering. Der det er føremålstenleg skal det utarbeidast lokale avtaler, gjerne mellom fleire etatar.

## 9.4 Internasjonalt arbeid

I ansvarsområdet for opplæring innanfor kriminalomsorga, ligg også ein viss kontakt i internasjonal samanheng.

### 9.4.1 Nordisk samarbeid

**Nordisk nettverk** for fengselsundervisning vart formelt etablert 1. januar 2006. Nettverket får økonomisk støtte frå Nordisk Ministerråd v/NVL (Nordisk Nätverk för Vuxnas Lärande) til å gjennomføre møte for å utvikle det nordiske samarbeidet innanfor området fengselsundervisning. Fylkesmannen i Hordaland v/Torfinn Langelid er oppnemnd som kontaktperson for det nordiske nettverket. Nettverket hadde fire møte i 2010.

**Alfarådet.** Nordisk nettverk hadde to møte med Alfarådet (eit nordisk nettverk for spørsmål omkring alfabetiseringsområdet) for å drøfte problemstillingar rundt utvikling av kartleggingsverktøy/intervjuguide til bruk i samband med kartlegging av utanlandske innsette sin utdanningsbakgrunn, behov og ønske.

**Kartlegging av utdanningsbakgrunn hos utanlandske innsette i nordiske fengsel.** Nordisk nettverk for fengselsundervisning har i samarbeid med Alfarådet og forskarar frå dei nordiske landa fått støtte frå Nordplus Framework programme v/Cirius, Danmark til prosjektet ”Utvikling av kartleggingsverktøy for en nordisk undersøkelse av innsatte med utenom nordisk statsborgerskap, deres utdanningsbakgrunn, motivasjon og ønsker”. Føremålet med prosjektet er å utvikle eit kartleggingsverktøy som skal

nyttast for å gjennomføre nasjonale undersøkingar blant innsette med utanomnordisk statsborgarskap i dei nordiske landa (Danmark, Finland, Island, Norge og Sverige). Målsetjinga er å kartleggje kompetanse, utdanningsbakgrunn, utdanningsmotivasjon og utdanningsbehov, for på denne måten å få eit betre oversyn over utdanningsbakgrunnen og slik få eit opplæringstilbod tilpassa denne gruppa. Dette gjeld grunnskole- og vidaregåande opplæring. Prosjektet og midlane blir administrert av Fylkesmannen i Hordaland. Forskarane i dei nordiske landa under leiding av Universitetet i Bergen, nyttar seg av all tilgjengeleg informasjon og utviklar eit kartleggingsverktøy for denne gruppa.

Fylkesmannen i Hordaland organiserte eitt møte med nettverket, Alfarådet og dei nordiske forskarane i mai 2010. Målsetjinga med møtet var å ha ei drøfting av utkastet til kartleggingsverktøyet/intervjuguiden som blei lagt fram. Intervjuguiden blei ferdig hausten 2010 og er omsett til 10 språk; norsk, dansk, engelsk, arabisk, soroni, badini, somalisk, russisk, polsk og serbisk. I 2011 blir det gjennomført nasjonale kartleggingar.

**Nordisk heimeside for fengselsundervisning.** I samband med etablering av Nordisk nettverk for fengselsundervisning blei ei nordisk heimeside for fengselsundervisning opna i november 2006. Heimesida er [www.fengselundervisning.net](http://www.fengselundervisning.net) Redaksjonsrådet, der også Fylkesmannen i Hordaland v/Torfinn Langelid er representert, hadde eitt møte i 2010.

**Nordisk IT – seminar.** Det nordiske nettverket for fengselsundervisning under leiding av Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte eit nordisk IT – seminar i København i juni 2010. Alle dei nordiske landa var representert og informerte kvarandre om utviklinga på dette området. Det er noko ulik tilnærming til og bruk av IKT når det gjeld opplæring i kriminalomsorga. Det er difor viktig å koma saman og informere kvarandre og diskutere felles løysingar. Det var også med representantar frå England som presenterte sine nasjonale løysingar.

**Nordisk konferanse om fengselsundervisning.** Den nordiske konferansen om fengselsundervisning "Ett annat liv – med framtiden som bakgrund", med Sverige som vertsland, blei gjennomført i Skövde i Sverige 30.09 – 03.10.2010. Om lag 130 deltakarar var med på konferansen. Noreg deltok med ei stor gruppe på 55 personar. Fleire av dei norske deltakarane var med både med innleiingsforedrag og med innlegg i parallelle sesjonar.

#### **9.4.2 Europeisk samarbeid**

**EU-prosjektet LICOS (Leonardo da Vinci).** Fylkesmannen i Hordaland er med som partnar i EU-programmet Leonardo da Vinci. Prosjektet LICOS – Learning Infrastructure for Correctional Services er koordinert av Tyskland og i tillegg til Noreg er England, Nederland, Austerrike og Spania. Målsetjinga for prosjektet er å utvikle ei læringsplattform for europeisk fengselsundervisning. Prosjektet blei avslutta i 2010.

